



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep.
0033 OSLO

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Vår dato: **18 MAI 2009**
Vår ref.: NVE 200702300-14 ktv/swj
Arkiv: 312 /051.1Z
Deres dato:
Deres ref.:

Saksbehandler:
Stein Wisthus Johansen
22 95 98 34

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Statkraft Energi AS

Konsesjonssøknad - Grasbotntjørni pumpe i Ulvik herad i Hordaland

NVEs innstilling

En utbygging som omsøkt vil gi en bedre utnyttelse av ressursene i et allerede utbygget vassdrag.

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene, finner NVE at fordelene og nytten ved bygging av Grasbotntjørni pumpe i tråd med de fremlagte planene er større enn skadene og ulempene for allmenne og private interesser og at vassdragsreguleringsloven § 8, jf. vannressursloven § 25 dermed er oppfylt.

Vi anbefaler at Statkraft Energi AS får tillatelse etter vannressursloven § 8 til bygging og drift av Grasbotntjørni pumpe, og etter vassdragsreguleringslovens § 2 til overføring av vann fra Grasbotntjørni til Langevatn og videre til Sima kraftstasjon med utslipp i Eidsfjorden. Vi anbefaler at tillatelsene gis på de vilkår som følger vedlagt.

1. Konklusjon.....	2
2. Søknaden.....	2
3. Høring og distriktsbehandling.....	17
4. Innkomne merknader.....	18
5. Tiltakshavers kommentarer til innkomne høringsuttalelser.....	22
6. NVEs vurdering av konsesjonssøknaden.....	25
7. NVEs konklusjon og forslag til konsesjonsvedtak etter vassdragslovgivningen.....	36

Vedlegg: Forslag til vilkår – vassdragsreguleringsloven og vannressursloven
Forslag til manøvreringsreglement
Sakens dokumenter

1. Konklusjon

En utbygging som omsøkt vil gi en bedre utnyttelse av ressursene i et allerede utbygget vassdrag.

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene, finner NVE at fordelene og nytten ved bygging av Grasbotntjørni pumpe i tråd med de fremlagte planene er større enn skadene og ulempene for allmenne og private interesser og at vassdragsreguleringsloven § 8, jf. vannressursloven § 25 dermed er oppfylt.

Vi anbefaler at Statkraft Energi AS får tillatelse etter vannressursloven § 8 til bygging og drift av Grasbotntjørni pumpe, og etter vassdragsreguleringslovens § 2 til overføring av vann fra Grasbotntjørni til Langevatn og videre til Sima kraftstasjon med utslipp i Eidsfjorden. Vi anbefaler at tillatelsene gis på de vilkår som følger vedlagt.

2. Søknaden

NVE har mottatt følgende søknad datert 25.10.2006:

" Statkraft Energi AS ønskjer å nytte vassfallet frå Grasbotntjørni i Ulvik herad i Hordaland fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. *Etter vassdragsreguleringslova, jf. §2, om løyve til:*
 - *å overføre vatn frå Grasbotntjørni til Langvatn og vidare til Sima kraftstasjon med utslipp i Eidfjorden. Vasstanden i Grasbotntjørni vil pga. pumpinga variere mellom kote 1106,8 og kote 1107,0.*
2. *Etter energilova om løyve til:*
 - *bygging og drift av Grasbotn pumpe, med tilhøyrande transformatorar, koblingsanlegg og jordkabel som omtala i søknaden.*
3. *Efter ureiningslova om løyve til:*
 - *gjennomføring av tiltaket*
Nødvendige opplysningar om tiltaket går fram av vedlagde utgreiing. "

I det følgende er utredningen i forbindelse med tiltaket gjengitt uten figurer og bilder, mens hele søknaden følger som vedlegg til innstillingen.

"1. Innleiing

1.1. Om søkjaren

Statkraft Energi AS er konsesjonssøklar og tiltakshavar for prosjektet. Selskapet er 100 % eigd av Statkraft AS. Statkraft er Noregs største produsent av elektrisk kraft og konsernet disponerer kraft frå 139 kraftverk i Noreg. Konsernet har ein samla årleg kraftproduksjon på 42 TWh og er den nest største produsent av fornybar energi i Europa. Konsernet har ca 2000 tilsette, inklusive selskapa Skagerak Energi og Trondheim Energiverk. Statkraft har også eigendelar i dei norske kraftselskapa Agder Energi, BKK og Fjordkraft. Konsernet hadde i 2005 ei omsetjing på NOK 15 milliardar og er Noreg sin største landbaserte skatteytar. Hovudkontoret ligg på Lilleaker i Oslo.

Statkraft legg eit langsiktig perspektiv til grunn for all verksemd, for å sikre gode økonomiske resultat, bevare miljøet og gje energi til kommande generasjonar. For Statkraft er det viktig til ei kvar tid å søkje å utnytte de ressursane som disponerast på ein optimal måte, både med tanke på økonomi og miljø.

1.2. Grunngeving for tiltaket

I 2004 gjennomførte Statkraft Energi eit forprosjekt som vurderte utnytting av fleire mindre vassdrag i nær geografisk tilknytning til dei store, eksisterande kraftanlegga sine. Utnytting av vassressursane i Grasbotntjørni synte seg å vera eit av dei mest aktuelle anlegga både med tanke på økonomi, og med tanke på anlegg som vart vurderte å ha små miljømessige konsekvensar. Grasbotntjørni ligg på kote 1107, medan Langvatnet har HRV på 1158. Det er mindre enn 200 m mellom dei to vatna. Ved å lyfte/pumpe vatnet over i Langvatnet vil ein få utnytte fallhøgda ned til Sima kraftstasjon. Energiekvivalent for Langvatnet er $2,79 \text{ kWh/m}^3$. Grasbotntjørni er vurdert til å kunne tilføra Langvatnet eit vassvolum på $3,08 \text{ mill m}^3$. Korrigert for pumping gjev dette ein produksjonsauke på 8015 MWh.

1.3. Geografisk plassering av tiltaket

Grasbotntjørni ligg i Ulvik herad i Hordaland Fylke. Det er bilveg heilt fram til vatnet som ligg inn mot foten av hovuddammen i Langvatnet, som er hovudmagasin for Lang-Sima-delen av Sima kraftverk i Eidfjord kommune. Grasbotntjørni ligg om lag 40 km frå Ulvik. Tilkomst er forbi Osa og vidare opp anleggsvegen, som vart bygd langs Austdøla og opp til Langvatnet i samband med Eidfjordanlegga på 1970-talet. Grasbotntjørni er ein del av nedbørfeltet til Austdøla, som renn ned i samløpet med Nordøla i Osa. Elva har deretter utløp i Osaforden.

1.4. Situasjon i dag og eksisterande inngrep.

Vassdraget Austdøla er restar av vassdrag som no er regulert og vert ført austover til Sima kraftstasjon i Eidfjord. Nedbørfeltet strekk seg opp til damanlegga, men Austdøla har framleis toppar i nedbørfeltet på 1400 moh. Det er noko heilårssnø i nedbørfeltet til Austdøla,, både innanfor nedbørfeltet til Grasbotntjørni og utanfor dette.

Tiltaket ved Grasbotntjørni ligg i eit område som i dag har mange tekniske inngrep. Dammane for oppdemminga av Langvatn er dominerande, og skapar saman med dei lokale toppane og Kyrelvfjellet ei gryte. Ei dobbel 420 kV kraftline går gjennom området, og ei 22 kV kraftline går til ryggen like nord for Grasbotntjørni. Frå 22 kV lina ligg det 1kV kabel i grøft bort til anlegga i dammen. Ei mogeleg ny 420 kV line gjennom området er også under planlegging.

I nedste enden av Grasbotntjørni er det ein terskel av betong for å halde ein stabil vasspegel. Det er vegar gjennom heile området fram til Langvatnet, og også spor etter anleggsvegar rundt om i terrenget. Terrenget i dalbotnane, langs vegen og nær damanlegga ber preg av å vere omvelta. Det er store mengder tilførte massar i terrenget etter anleggsarbeida, samstundes som det er teke ut massar til bruk i anlegget. I lia nord og vest for vatnet, og i nedbørfeltet mot Kyrelvfjellet i sørvest er det naturleg vegetasjon og ikkje inngrep i terrenget.

2. Plan for tiltaket og datagrunnlag

2.1. Hovuddata for tiltaket

Kraftverket

Nedbørfelt	1,8 km ²
Middelvaassføring	0,15 m ³ /s
Alminneleg lågvassføring (8,2% av norm.vf.)	12 l/s
Pumpedata:	
Inntak på kote	1103 moh
Avlaup på kote	1160 moh
Brutto pumpehøgde	55 m
Energiøkvivalent (Langvatn korr. for pumping)	2,60 kWh/ m ³
Slukeevne, maks.	0,3 m ³ /s
Slukeevne, min.	0,09 m ³ /s
Tillaupsrør, diameter (mm) (Pumpeleidn)	300 – 500 mm
Tunnel, tverrsnitt	Ikkje relev
Tillaupsrør/tunnel, lengd	150 – 200 m
Installert effekt, maks. (kW/MW)	300 kW
Bruktid (t)	ca 4000 t
Årleg pumpevolum	3,08 mill m ³
HRV	1107,0 moh
LRV	1106,8 moh
Tilleggsprod. i Lang-Slma	
Produksjon, vinter (GWh) (1/10 – 30/4)	Ikkje relev
Produksjon, summer (GWh) (1/5 – 30/9)	Ikkje relev
Produksjon, årleg middel (GWh)	8,015 GWh
Utbyggingskostnad	6,7 mill kr
Utbyggingspris	0,83 kr/kWh

2.2. Tekniske løysingar

Grasbotntjørni pumpeanlegg har eit pumpehus, eventuelt med vintertilkomst. Vassvegen frå pumpehuset og opp i Langvatnet vil leggjast i sprengt grøft nord for dammen. Straumforsyninga vil hentast frå 22 kV lina som kjem inn frå vest, og vil leggjast i eksisterande grøft som går bort til dammen. Frå den kjem i kontakt med røyrtrassen vil den liggje i denne ned til pumpehuset.

Elektriske anlegg

Det må etablerast straumforsyning til pumpearrangementet. Pumpearlegget vil krevja pumper i storleiksorden på til saman om lag 300 kW. Dette er tenkt utført ved å leggja ein ny 22 kV kabel i grøft som nemnd ovanfor. Kabelstrekkingen vert totalt om lag 600 m. Kopplingsanlegg og transformator 22/0,4 kV er tenkt plassert i eige rom i pumpehuset. Dette inneber at noverande 22/0,1 kV transformator i endemast på 22 kV linja vert fjerna. Vidare at 1000 V fordeling i skap ved mastefot for fordeling til anlegg elles i reguleringsområdet ved Langvatn, vert flytt til pumpestasjonen. Som fylgje av at sjølve energiproduksjonen skjer i eksisterande Sima kraftstasjon, medfører ikkje anlegget andre elektriske anlegg i terrenget.

Pumpestasjonen

Pumpestasjonen er tenkt plassert ved foten av eksisterande hovuddam for Langvatnet. Bygget er tenkt utført med betong som viktigaste bygningsmateriale. Ein kan ha trong for vintertilkomst til bygget. I bygget vert det kran og kranskinne for å handtere pumpene ut og inn av pumpesumpen. Det vert lagt opp til installasjon av 2 stk senkepumper.

Ved utforminga av tiltaket, vil ein leggja vekt på faktorar som kan verke avbøtande for eventuelle negative verknader. Det kan vere ei føremon at pumpehuset vert førd opp i ukledd betong, slik at det står fram som ein del av dei eksisterande anlegga. Takløyvinga kan også med føremon vere "funkis"-inspirert (minimalistisk) for å falle saman med omgjevnadene. Det kan også vere eit moment at bygget verkar så lite som mogleg, noko som også kan gjerast ved sjølve forma på bygget. Bygget bør og leggjast så nær terrenget i bakkant som mogleg av same grunn.

Røyrkata

Røyrkata er tenkt som røyr i sprengingsgrøft nord for hovuddammen ved Langvatnet. Sprengmassane er tenkt nytta til overdekning og lagt tilbake i grøftetraceen. Mogeleg overskot av sprengmassar vert å plassera på eksisterande fylling nord for pumpehuset. Matjord som vert fjerna ved framføringa av grøfta skal takast vare på, og leggjast oppå grøfta der dette er naturleg. Røyrkata vil ha diameter på 300 - 500 mm. Dette vil verta optimalt tilpassa i høve endeleg val av pumpetype/-kapasitet.

Inntakskonstruksjonen

Inntakskonstruksjonen er tenkt utført ved ein kombinasjon av plastrakanal og nedgraving av eit røyr med diameter 0,8-1,0 m. Det skal lagast ei løysing som sikrar vasstanden i tjørni, samstundes som inntaket vert frostfritt. Det er lagt opp til 0,2 meter regulering av vasstanden i Grasbotntjørni for å få ei funksjonell drift av pumpearlegget. Det er i dag ein betongterskel i vestenden av Grasbotntjørni. Denne definerer normalvasstanden pr i dag i tjørni.

Utløpsarrangementet

Utløpet vert plassert over 1159 moh som er høgste flomvasstand for Langvatnet. Endeleg plassering og uforming må avgjerast utifrå særskild synfaring. Det er ei føremon at røyret endar på berg, og det skal liggje med god avstand til dammen for å sikre at ikkje vasstraumen grev inn mot denne. Ein må sørge for at is-oppbygging ved utløpet ikkje vert eit problem for drifta av anlegget. Utløp av røyret vert også sikra med omsyn til ferdsle i området, og for å hindra at gjenstandar og anna vert sogne inn i røyret ved stopp av pumpene.

Vegbygging

Utbygginga krev ikkje ny vegbygging. Det er i dag køyreveg heilt fram til området der stasjonsbygningen skal plasserast.

Kjøremønster og drift av pumpen

Pumpene vert styrde av lokal automatikk som startar og regulerer pumpene ut i frå tilsiget til tjørni. Vasstanden i tjørni vil då variere mellom dagens nivå på kote 1107,00 og 1106,80 moh. Ved tilsig over maks pumpekapasitet på 0,3 m³/s vil vatnet renna over terskelen og vasstanden naturleg verta noko høgare. For eit normalår vil dette vere innafor tidsrommet mai til juli. Foreslått senking på 0,2 m vil derfor normalt verta nytta i tidsrommet utanom dette (november til april).

2.3. Hydrologi

Influensområde

Nedbørfeltet til Grasbotntjørni er om lag 1,8 km², men dette vert i og for seg ikkje påverka av utbygginga utover sjølve bygningskonstruksjonen. Det aktuelle feltet ligg like vest for hovuddammen i Langvatnet. Pumpa er tenkt lagt på austsida av Grasbotntjørni. Nedbørfeltet har lågaste punkt på 1107 moh og høgaste på 1404 moh (tyngdepunktet ligg på ca 1200 moh). Feltet består av vatnet Grasbotntjørni og snauffell, med nokon permanente snøfonner i dei høgastliggjande områda. Erfaringsmessig må det ventast at slike felt har ein låg vinteravrenning og stor snøakkumulasjon, noko som gjer at hovudtyngda av avrenninga kjem i juni-august. Nedstrøms Grasbotntjørni er elva 7,3 km lang til sjøen (i horisontalplan), og denne elvestrekninga vil få redusert vassføring. Ved samløp av Nordøla og Austdøla utgjær dette 8 % av noverande middelvassføring.

Datagrunnlag

Det er ikkje vassføringsstasjonar i drift i det aktuelle feltet og heller ingen i nærliggjande område. Aktuelle stasjonar som har data av god kvalitet og minst ein 20 års serie, er 40.1 Hølen og 40.13 Bjoreia (NVE stasjonsnr.). Det er også sett på data som tidlegare er nytta til å gjere liknande utrekningar for feltet Oneåa nokre kilometer sør for Grasbotntjørni.

Utrekningar

Det er teke utgangspunkt i feltareal og normalavrenningstal for perioden 1961 - 90 som er henta frå NVE Atlas. Grasbotntjørni har eit nedbørfelt på 1,8 km² og normalavrenning på 82 l/s km². Dette gjev ei normal årsmiddelvassføring ut av feltet på 0,15 m³/s. Austdøla før samløpet med Norddøla, har eit felt på 23,3 km² og normalavrenning på 72 l/s km². Dette gjev ei normal årsmiddelvassføring på 1,67 m³/s. Restfeltet til Austdøla vil da få eit areal på 21,5 km² og ei årsmiddelvassføring på 1,52 m³/s.

Det er føreteke ei fagleg vurdering av korleis vassføringa fordeler seg over året. Denne vurderinga konkluderer med at Austdøla fordeler seg tilnærma som stasjonen 40.1 Hølen, men med litt høgare vintervassføring og litt lågare sommarvassføring. Grasbotntjørni fordeler seg som eit middel for feltet 40.13 Bjoreia og Oneåa.

Vassføringsberekningane føreset at det ikkje førekjem overløp frå dei eksisterande inntak og dammar, og heller ikkje frå Grasbotntjørni etter at pumpeanlegget er sett i drift. Dette siste vil ikkje stemme heilt då det vil renne vatn frå Grasbotntjørni ved tilførsel av meir vatn enn 0,3 m³/s, som er maksimal pumpekapasitet.

Frå varigheitsdata kan me sjå at det 85-90% av tida ikkje vil vere avrenning frå Grasbotntjørni, så lenge pumpene går heile tida. Om ein trekk frå noko for vedlikehald, og uforutsett driftsstans vil talet truleg ligge i underkant av dette. Det er variasjon mellom åra, og det er teke data frå forskjellige år på 90-talet for å illustrere desse. Dei data som er presentert over er ei samanstilling av fleire år, og er utjamna tal. Ved samløpet mellom Austdøla og Norddøla vil middelvassføringa vere redusert med om lag 8% som følgje av tiltaket.

2.4. Kostnadsoverslag

Kostnadane er baserte på prisnivået i 3. kvartal 2005.

Grasbotntjørni pumpeanlegg	mill. NOK
Reguleringsanlegg	
Rigg og drift	0,5
Inntakskanal	0,2
Kraftstasjon. Bygg	1,1
Kraftstasjon. Pumpe/elektro	0,9
El-anlegg. Kraftlinje, inkl trafo/nettstasjon	0,7
IKT - anlegg	0,6
Trykkroyr, inkl grøft og utløpsarrangement	1,0
Sum (entreprenørkostnad)	5,0
Uforutsett (13% av entreprenørkostnad)	0,7
Planlegging. Administrasjon (11% av entr.kostn)	0,5
Erstatningar, tiltak, erverv, osb	0,2
Finansieringsavgifter og avrunding	0,3
Sum utbyggingskostnader	6,7

2.5. Framdriftsplan

Det er utarbeidd fylgjande framlegg til framdriftsplan:

Innsending av konsesjonssøknad	nov	2006
Detaljplanlegging	vinter	2006/07
Anbodskonkurranse	vår	2007
Konsesjon gitt	juni	2007
Byggjstart	aug	2007
Ferdigstilling av anlegg	nov	2007

2.6. Fordelar ved tiltaket

Tiltaket er vurdert å gje ein tilleggsproduksjon i Sima kraftstasjon på i overkant av 8 GWh. Vurdert saman med investeringsbehovet så er dette eit prosjekt med god lønsemd. Konklusjonen i kapittel 3 er at tiltaket gjev små negative konsekvensar for miljø, i og med at området tiltaket er plassert i, er så fullt av inngrep i dag. I høve noverande konstruksjonar i området er dei planlagde konstruksjonane små.

2.7. Formelle tilhøve

Eigedomstilhøve

Både varige og midlertidige inngrepet vil i hovudsak verte utførde på Statkrafts eigen grunn. Eigedomshold, og type av inngrep er vist i tabell nedanfor. Med unntak av dei som er oppførde i tabellen, eig Statkraft alle øvrige naudsynthe fallrettar. Alle rettighetshavere er i møter og gjennom e-post informerte om Statkraft sine planar. Statkraft legg til grunn at det skal forhandlas fram naudsynthe avtaler med grunneigarane.

Gnr/bnr	Eigar/adresse	Inngrep/arealbruk	
	Osa Grunneigarlag v/ivar Osa 5730 ULVIK	<u>Arealbruk</u> • Imntakskonstruksjon og nokre meter av kanal til pumpehuset. • Oppgraving av eksisterande kabelgrøft mellom 22 kV mast og dam for legging av ny 22 kV kabel.	
Ulvik statsalm.	Statskog SF Pb. 7390, 5020 BERGEN	<u>Fall</u> Redusert vassføring på strekning nedstrøms nåverande terskel ved utløp av Grasbotntjørni.	
Ulvik statsalm.	Ulvik Fjellstyre v/formann Knut Syggestveit Osa. 5730 ULVIK	Skader og ulempe for jakt og beite m.v.	
39/4	Jørgen Hallanger Osa, 5730 ULVIK	<u>Fall</u> Redusert vassføring på elvestrekning nede i Osa	
39/5	Sara K. Særvartveit Osa, 5730 ULVIK	<u>Fall</u> Redusert vassføring på elvestrekning nede i Osa	

Samla plan for vassdrag

Dette tiltaket ligg ikkje inne i vassdrag som er omhandla i samla plan for vassdrag. Tiltaket har ein utrekna produksjon < 50 GWh, og installasjon < 10 MW, noko som gjer at tiltaket ikkje utløyser krav om handsaming i høve samla plan.

Verneplanar, kommuneplanar og andre offentlege planar

Tiltaket ligg ikkje i vassdrag som er omhandla av verneplan for vassdrag. Nedbørfeltet til Grasbotntjørni grensar heilt i vest til nedbørfeltet til Døgro, som er verna i verneplan for vassdrag (IV).

Det er ikkje område verna etter naturvernlova i nedbørfeltet, eller langs elvestrengen ned til fjorden. I kommuneplanen for Ulvik sin arealdel er området sett av som LNF-område. Det er ikkje reguleringsplanar i nærleiken av tiltaket.

2.8. Alternative utbyggingsløysningar

Ein kan sjå føre seg at ein kunne nytte vatnet med fallet mot Osa. Eit stort anlegg den vegen ville fordre større investeringar og inngrep, som ville gjere dette alternativet økonomisk urealistisk. Ved pumping slepp ein å bygge nytt kraftanlegg. Det er transporten av vatnet som er kostnaden. Investeringane i anlegget er allereie gjort, og inngrepa er der. Ein pumpestasjon er eit lite inngrep, og representerer ei lita investering.

Det vart vurdert ei alternativ løysing, der pumpestasjonen skulle plassert nær utløpet av eksisterande flaumlaups-/tappetunnel frå Langvatnet. I dette alternativet ville røyrkata verte lagt i ein betongkanal i eksisterande tunnelsystem. Installasjonane i tunnelen ville ha teke så stor plass at det ville redusert slukeevna i tunnelen frå flomoverløpet, samt hindra maskinell tilkomst til lukekonstruksjonar i tunnelen. Løysinga er difor vurdert å vera i strid med gjeldande reglar for damtryggleik.

Alternativt vurderte ein også røyrkata som fullprofil borehol. Dette ville senke driftskostnaden ved at vatnet ikkje trengde å løftast heilt over dammen. Det synlege inngrepet som røyrkata representerte, ville også verte redusert. Denne løysinga vurderte ein å vere eit risikomoment, om det skulle kome sprekkdanningar i tunnelen. Då er ein redd for at vatnet kunne byrje å vaske ut tetningskjerna i dammen med påfølgande fare for dambrot.

Ein fann ingen andre alternativ å vere så interessante at ein har utgreidd desse nærare. Løysinga skissert i denne rapporten er så økonomisk interessant, og skånsamt inngrepsmessig, at ein ikkje har funne alternativ som kan konkurrere med dette.

3. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn

3.1. Hydrologi

Det er ikkje detaljerte hydrologiske data frå staden, vassføringsdata er dermed bygd på komparative data frå Bjoreia (40.13) og Hølen (40.1). Dette grunnlaget gjev dei data som kjem fram av kapittel 2.3.

Ved etablering av pumpeanlegget vil all avrenning til Grasbotntjørni bli pumpa opp i Langvatnet, utanom i flaumperiodar som gjev større avrenning til tjørni enn 0,3 m³/s. Det er føresett at ein regulerer vasstanden i Grasbotntjørni mellom 1106,8 - 1107,0 moh.

Ein gjer ikkje framlegg om noko minstevassføring i bekken frå tjørni. Den er ikkje eit markert landskapselement, og er synleg berre på kloss hald. Bekken vil i dag syne mest i landskapet i flaumperiodane, og då vil det vere stor vassføring også etter at anlegget er bygd. Dette kjem fram av varigheitsdata.

Ved gjennomføring av tiltaket vil middelvassføringa i bekken frå Grasbotntjørni, rett før samløpet med elva som kjem frå Austdalsvatnet, vere redusert med 50-60%. Etter dette samløpet vil middelvassføringa vere redusert med 14%, og før samløpet med Norddøla vil reduksjonen vere 8%.

3.2. Vasstemperatur, istilhøve og lokalklima

Så høgt til fjells som området ligg er det ikkje busetnad. Ein må rekne med frose vatn det meste av vinteren og vesentleg med snø. Ein kan sjå føre seg at lokalklima vart endra ved den store utbygginga i området. Kaldluft som vert "danna" i høgda fell ned og føl vassdraga.

Luftstraumane kan difor ha endra seg med oppføringa av dei store dammane. På same tid vil den varmen som vatnet magasinerer no bli frakta ein annan stad, enn den var frå naturen si side. Grasbotntjørni og området rundt er i dag særskjerma og dette kan føre til stor oppsamling av snø om vinteren. Dette vil kunne styre vasstemperaturen utover sommaren.

Dette planlagde anlegget er særskilte lite i omfang, men kan likevel i teorien påverke dei eksisterande klimatiske tilhøva. Dette vil vere mikroskopisk i høve hovudutbygginga. Ein kan ikkje sjå føre seg at vatnet vert meir eller mindre opna etter at ein startar dette anlegget. Bekken nedstrøms Grasbotntjørni vil ha mindre vassføring, noko som i teorien vil kunne endre

vasstemperatur og istilhøve heilt lokalt langs bekken. Dimensjonane på dette vil likevel vere så små at ein kan påstå at dette anlegget ikkje vil ha nokon reell, målbar effekt for noko større område.

Heilt lokalt må ein likevel pårekna at isen ved inntaket i tjørni, og ved utløp frå pumperøyret i sjølve Langvatn kan verta usikker. Dette vil derfor medføre økt risiko ved ferdsle i området. Som avbøtande tiltak vil desse områda likeeins som eksisterande tiltak verta merka med varselskilt jfr. forskrifter.

3.3. Grunnvatn, flaum og erosjon

Magasin Langvatn har to flomlaup, eit i aust som drenerer til Rembesdalen, og eit i vest som drenerer til Grasbotntjørni og Austdøla. Flomlaupa er dimensjonerte i samsvar med gjeldande manøvreringsreglement. Dette tillet ikkje auke i vassføringa ved flaum - utover det som var opphavleg og naturleg for vassdraget. Ein kan difor ikkje sjå at omsøkte tiltak for Grasbotntjørni som i dag naturleg renn til Austdøla vil ha særleg innverknad på flomtilhøva.

Det omsøkte tiltaket vil føre til mindre endringar i avrenninga frå tjørni, men vil i svært liten grad påverke tilhøva ved stor flaum. Ved moderate flaumar vil pumpeanlegget kunne redusere flaumtoppen frå Grasbotntjørni noko.

Det visast ikkje erosjonsskadar verken rundt Grasbotntjørni eller langs bekken nedanfor Grasbotntjørni. Sedimenttransporten vil også vere uendra, då ein ikkje kan rekne med vesentleg sedimenttransport ut av tjørni. Den har stor flate og vil ikkje kunne ha straumforhold som fraktar ut vesentleg med lausmasse.

På grunn av små endringar i straumtilhøva må ein også rekne med at sedimenttransporten vil vere uendra. Ein kan ikkje rekne med vesentleg sedimenttransport ut av tjørni etter bygginga, og sedimentasjon vil skje i vatnet, slik som er vanleg i dei fleste vatn. Grasbotntjørni vil verke som eit sedimentasjonsbasseng også i anleggstida, slik at skadeleg sedimenttransport ned til Osa ikkje skal vere nokon fare.

3.4. Biologisk mangfald og verneinteresser

Området rundt tjørni ligg i mellomalpin sone, men med høgaste punkt i nedbørfeltet over 1400 moh, ser ein også klare høgalpine miljø, når ein kjem litt lenger bort frå vatnet. Det er ikkje teikn som tydar på særskilde kalkrike førekomstar i nedbørfeltet, og heller ikkje andre område som kjem inn under dei naturtypene som skal kartleggast ved registrering av biologisk mangfald. Det er generelt få planteartar, eller lågareståande dyr på raudelistene i alpine miljø. Så lenge det ikkje er særskild høg næringstilgong, synest potensialet for slike funn i utgangspunktet ikkje å vere store. At ein finn nokre få næringskrevjande artar planter i sørhellingar med mykje erodert materiale, er naturleg utan at dette kan karakteriserast som kalkrike førekomstar på grunn av dette.

I og med at det er gjort så store inngrep i området frå før, vil det vere lite verneinteresser knytt til biologisk mangfald i nedbørfeltet. I samband med tidlegare registrering av biologisk mangfald, er det registret eit naturtypeområde lenger nede i vassdraget. Det er her funne fleire sjeldne karplanter som er næringskrevjande, og det er desse som er grunnlaget for området sin verdi. Ingen av dei registrerte artane er ført opp i nasjonal raudliste, men området kan ha ein lokal verdi. Området strekk seg opp til 900 moh nedanfor Austdølvatnet, inn i lavalpin sone, men representerer ikkje nasjonale eller regionale botaniske verdier. Dei verknadene som må vere av tiltaket, skyldast endring i vassføringa nedover i vassdraget frå 760 moh. Der går

bekken frå Grasbotntjørni saman med elva frå Austdalsvatnet og frå dette punktet blir reduksjonen i vassføringa liten.

3.5. Fisk og ferskvassbiologi

Frå kjentfolk i området er det informert om at det var fin fisk i vatnet før utbygginga av Langvatnet, men at denne bestanden vart borte etter anleggstida. Det skal visstnok ha vore fiska mens Langvatn-utbygginga hald på, men det skal ikkje vere sleppt fisk etter utbygginga (pers.med. Olav Tveit). Det vart utført prøvefiske hausten 2005, utan at det vart fanga fisk. Grunnen til at vatnet er fisktomt kan vere mange, men ein truleg årsak kan vere rekrutteringssvikt. Det er ikkje gyteområde på utløp frå vatnet, og vassføringa inn er så lita at mogeleg gyting truleg vert mislukka grunna innfrysing. Skjer dette samstundes som det vert drive fiske, vil vatnet tørrast raskt.

Det er teke nokre enkle vassprøvar (sjå 3.10) som syner at vatnet har låg bufferevne for forsuring og lågt næringsinnhald, men prøva syner ikkje åleine nokon årsak til at vatnet er fisketomt. Vassprøver i smeltetida om våren vil kunna avdekka om tjørne har god nok vasskvalitet for fisk, eller om kvaliteten er så dårleg at den kan gjere naturleg reetablering vanskeleg.

Ved ekstrem flaum kan det bli førd vatn frå Langvatn og ned i Grasbotntjørni. Ved slike tilfelle kan ein sjå føre seg at det vert førd fisk ned med vatnet. Det same kan og skje ved kontrollert tapping frå Langvatn. Nyetablering av fisk i vatnet er difor ikkje utenkjeleg, slik situasjonen er i dag. Berre få strekningar av elva nedanføre Grasbotntjørni er fiskeførande for aure, før ein kjem ned mot Osa. Ved Osa har elva bestand av anadrom laksefisk. Fiskebestanden i Norddøla og Austdøla vart undersøkt i november 2002, der det vart observert ein god del sjøaure, men lite laks (Lehmann & Wiers, 2004). Konklusjonen var også at det synest som om næringstilgangen var mindre i Austdøla enn i Norddøla. Statkraft har pålegg om utsetting av laks og aure, som eit avbøtande tiltak etter utbygginga av Langvatnet. Kravet er ein del av konsesjonsvilkåra, og det skal setjast ut 500 sjøauresmolt og 10 000 l-somrige lakseyngel. I Langvatnet er det krav om utsetjing av 1000 l-somrige aureyngel.

Avstanden frå Grasbotntjørni til Osa, og det avgrensa omfanget av tiltaket, tilseier at det ikkje vil vere fare for skadeverknader på dei anadrome fiskeartane i anleggsfasen. Den permanente vassføringa etter gjennomføring av tiltaket, vert ikkje endra mykje så langt nede i vassdraget. Dette gjer at situasjonen etter at anlegget er i gang heller ikkje kan seiast å ha verknad på fiskebestanden i Osa-elvene.

3.6. Flora og fauna

Vegetasjon

Vegetasjonen i området ligg i alpin vegetasjonssone, og det er mange artsfattige miljø. Mykje av berggrunnen synest sur, noko bart fjell i store delar av området peikar på, men næringstilgangen er nok betre der det er lausmassar. Solinnstrålinga gjer at det er stor forskjell på nord- og sørsida.

Sør for Grasbotntjørni, mot Kyrelv fjellet, er området tilnærma urørt, og ein har ein typisk fjellvegetasjon med rabb, lesidevegetasjon og snøleiesoner, som vil karakteriserast innanfor vegetasjonstypene "R-T Fjellvegetasjon" i Fremstad, 1998. I fuktige delar i og ved bekkane har ein i tillegg mose- lav- ør vegetasjon (Q1-variantar frå Fremstad 1998). Det er også mykje nakent berg i området, noko som gjev innslag av lavartar som liker meir fukt nær vassig, i

tillegg til dei rabbbtilpassa lavartane som er å finne over større delar av området (reinslav, saltlav, kartlav, kvitkrull). Det er ikkje registrert soppantar i terrenget, men tidlegare undersøkingar har funn frå området av fjellridderhatt og stilmosekantarell, utan at området er totalkartlagt. Dominerande, dekkjande vegetasjon i lia er berlyng med krekling, greplyng og blåbær. Oppe på rabbane vert det større og større innslag med lav og mosedekker, med innslag av starr, berlyng, lusegras og grasartar. Der det er meir vasstilførsle, er det mosedekker som dominerer. Enkeltstående individ av fjelltjørebloom, lusegras og stjernearve vart observert i området og er vanlege å finne i fjellvegetasjon. Nord for det påtenkte tiltaket er det vintergrøn, saman med fjellmarikåpe og bregner, i ei sørvendt li. Vintergrøn krev noko næringstilgang, men det vart ikkje observert andre artar som tyder på eit særskild rikt plantemiljø.

Alle dalbotnane er påverka av anleggsarbeidet frå utnygginga av Langvatn, med vegar, masseomflyttingar, massetak og fyllingar. Dette gjeld både rundt Grasbotntjørni og langs vassdraget nedanfor. Plantelivet er difor sær artsfattig her, med berre få grasartar og nokon mosetepper etablert der det er mest fuktig.

Det er tydelege spor i terrenget etter utbygginga av Langvatnet. Dette indikerer at vegetasjonen kan ta noko skade ved bruk av maskinar ute i terrenget. Rørgata og straumtilførsla som er tenkt i grøft, vil setje spor som kan vise lenge, slik ein ser i området i dag, 20 år etter den førre utbygginga. Eksisterande inngrep og lite teikn på verneverdi i vegetasjonen tilseier at det vil verte små konsekvensar for floraen ved å gjennomføre tiltaket.

Dyreliv

Det er ikkje gjennomført særskild kartlegging av dyrelivet i området utover synfaring seinhaustes. Erfaringsmessig kan ein likevel seie at området kan vere tilhaldsstad for ein god del fugleartar i hekketida om sommaren (mange sporvefuglar og rovfuglar), som fødeområde om hausten (trost, kråkefugl, fossefall, rovfugl), men også som fast heilårs tilhaldsstad for rypar og til dels rovfugl. Det vil rimeleg sikkert førekome raudlisteartar av rovfugl i området til tider, men det er ikkje notert hekking av slike artar her.

Av pattedyr vil det erfaringsmessig vere fleire smågnagarartar i området, utan at det vil vere detaljert kunnskap om dette utan nærare undersøkingar. Hare vil også vere til stades og spor vart observert ved synfaringane. Mårartane snømus og røyskatt kan forekomme i området basert på smågnagarbestanden. Området kan også vere trekk- eller sommaropphaldsplass for andre hjortedyr. I viltkartlegginga for Ulvik er området registrert som viktig beiteområde og trekkveg for reinsdyr, og ein kalvingsplass er avmerka eit stykke sør for Kyrelvfjellet. Det er vurdert at dette er meir historisk informasjon, då det ikkje har vore gjort jamlege observasjonar av reinsdyr i dette området på mange år. Det har vore ein generell nedgang i villreinbestandane i randområda rundt Hardangervidda sidan 80-talet, og i dette området kan ein lettare tilkomst for jegerane opp anleggsvegane ha vore ein medverkande årsak til at restbestanden i mindre grad nytta dette området. At området er registret som viktig for vilt er også basert på området som rypeterreng. Men utan statusen som villreinområde hadde det truleg ikkje kome i denne kategorien. Det vil sjølvstø vere interessant å hindre nye inngrep for at bestanden igjen skal kunne etablere seg, anten gjennom utsetjing eller på naturen sin eigen måte, noko som kan forklare statusen i viltkartlegginga.

Sjølv om nokre av pattedyr- og fugleartane i området vil vere raudlisteartar, vil ein vurdere viltverdien i området til å vere moderat. Høgfellsmiljø er generelt ømfintlege, men dette området kan ikkje seiast å ha ein særskild høg verdi. Det er ikkje registrert hekking av raudlisteartar som vil kunne vere ømfintlege for anleggsarbeidet av dette tiltaket. Dette kunne

vore eit konfliktpotensiale. Inngrepa som er planlagt synest heller ikkje å påverke levevilkår for pattedyr i området. Ein kan ikkje sjå nokon reelle negative konsekvensar av grøftene eller bygga som kjem i dette prosjektet. Ei heller vil anleggsfasen forstyrre dyrelivet nemneverdig over tid.

3.7. Landskap

Den sørlege delen av nedbørfeltet er lite påverka av tidlegare inngrep, og dei høge toppane er med på å gje inntrykk av ei gryte rundt Grasbotntjørni. Heilårsnøen opp mot Kyrelvfjellet er med på å skape følinga av å vere høgt oppe, sjølv om ein er nede i ei gryte. Dei eksisterande damanlegga er med på å forsterke verknaden av landskapet som ei gryte. Resten av området er som tidlegare beskrive, allereie sterkt påverka av tidlegare inngrep. Dei store dammane er dominerande, og to høgspenlinjer gjennom området er også eit dominerande element. Statnett planlegg og ei ny 420 kV line gjennom området. Dalbotnane gjev eit sterilt inntrykk etter mykje planering, og vegen er mange stadar eit tydeleg teikn på den endringa landskapet har gjennomgått.

Landskapet nedanfor tjørni er svært opprive. Når ein kjem opp i høgda får ein overblikk over det opprive landskapet, med mange djupe smale dalar. På grunn av dette er det mange små landskapsrom ein vil bevege seg mellom nede i terrenget. Ned mot Osa er det ein større djup dal, med mykje ur i dalbotnen. Når elva kjem til sjølve bygda, er det eit typisk elveavsetningsområde, der elva har greve seg ned i lausmassane. Dette har gjeve det karakteristiske landskapet med terrassar rundt elva, som spor etter avsetningar i fjorden ved tidlegare tiders havnivå.

I dette landskapet vert vasstrengen nedanfor Grasbotntjørni lite synleg, nede i det djupe bekkefare, og vert difor ikkje vurdert å vere eit viktig landskapselement. Bekken vil i dag syne mest i landskapet i flaumperiodane, og då vil det vere vassføring i bekken også etter at anlegget er bygd. Det hadde nok ein viktigare landskapsverknad før hovudutbygginga, men den endringa som skjer i dag vil ikkje verke vesentleg, sett i landskapet. Ofte vil det ligge snø nedanfor utløpet frå Grasbotntjørni det meste av året, slik at det vil vere ei viss vassføring omtrent heilt frå utløpet, sjølv om det ikkje renn over terskelen i Grasbotntjørni.

Med så mange eksisterande inngrep vil ikkje dette tiltaket endre grensene for urørt natur (INON) i høve i dag. Dette gjer også at den subjektive verdivurderinga av staden i landskapssamanheng ikkje kan vere stor. I den austlege delen av nedbørfeltet ligg det planlagde tiltaket. Dette vert rett nedanfor den nordlege dammen, på ei fylling frå den opphavlege utbygginga. Tiltaket er dermed omgjeve av inngrep, og vil etter ferdigstilling framstå som ein del av dei opphavlege anlegga. Grøfta med straumforsyninga vil ligge i ei eksisterande grøft, så verknaden på landskapet vil vere liten.

3.8. Kulturminne

I 1969, før utbygginga, vart det gjennomført arkeologiske undersøkingar i områda rundt Langavatn og Rundevatn. Desse rapporterer ikkje om funn frå nærområdet til Grasbotntjørni.

I NOU 1974: 30 A og B om Hardangervidda er det samla mykje informasjon om Hardangervidda og områda rundt. Her synast det til registreringar av dyregrav og felæger vest for Grasbotntjørni. Desse er ikkje observert i terrenget i dag, så det er usikkert om desse framleis eksisterer, eller om ein ikkje har observert dei fordi kartet er grovt.

Det er ikkje ved synfaringar oppdaga kulturspor, og områda der dei tekniske inngrepa er plassert er særskild undersøkt med dette i mente, sjølv om det ikkje har vore arkeolog på

plassen i denne omgang. Då alle inngrep er plassert på/i tidlegare inngrep, eller nær slike, vurderer ein ikkje konfliktpotensialet med kulturminne å vere stort.

3.9. Landbruk

I landbruksamanheng har nok området blitt brukt ein del til beitebruk, sjølv om det opprivne terrenget må ha gjort sanking av husdyra til ei utfordring. Det er ikkje kjend om det er slik bruk i dag, men området er egna, og dette vil variere noko over tid ettersom nye generasjonar driv med dyr eller ikkje på gardane i Osa. Ein del av denne aktiviteten vil ein måtte seie fungerer som kombinert næring/friluftsliv for mange.

Sal av fiskekort og jaktkort vil også vere knytt til landbruket som næringsdrift. Det er observert spor etter småviltjakt (tomhylser) over heile området. Det vert seld < 50 sesongkort i året frå grunneigarlaget. Storriltjakt i området har vore aktuell i tidlegare tider, då det var ei reinsdyrstamme i områda. I dag kan det vere sporadisk jakt av storrilt i fjellet, men hjortejakta har tradisjonelt vore drive nede i dalane på vestlandet. Det vert ikkje seld fiskekort for Osa sameige, men grunneigarane vil nok drive noko fiske sjølve. Likevel vil inntektene av jakt/fiske vere uvesentlege for dei samla inntektene for grunneigarane.

Samla vil ein vurdere at landbruksinteressene er små i omfang, både i talet på involverte og økonomisk. Potensialet i skadeverknad må vere at grunneigarane får reduserte inntekter eller driftsmoglegheiter av tiltaket. Jaktkort vil gjelde for eit større område enn rett rundt Grasbotntjørni, så forstyrringa i nett dette området bør ikkje vere vesentleg for om folk kjøper jaktkort frå sameiget eller ikkje. Så lenge tjørni er tom for fisk vil dette også gjelde for grunneigarane si eiga oppleving av skadeverknad på fisket. Dette gjer at tiltaket ikkje kan seiast å føre til eit vesentleg tap som følgje av reduksjon i salet av jaktkort, eller utbytte av fisk.

Skulle det vere negative verknader for landbruket ved anlegget, må desse etter vår vurdering vere små. Dette er også ein faktor som vil vere ein naturleg del av forhandlingane mellom grunneigarane og utbyggjar. Beitinga kan gå føre seg heilt uforstyrra både i anleggsfasen og etter at tiltaket er gjennomført. Noko av opplevinga av "villmark" kan nok vere borte i anleggsfasen, med den støyen som då kan vere frå anleggsarbeida. For dei jegerar og fiskarar som er kjende i området, vil dei truleg forvente ein del aktivitet rundt drift og vedlikehald av dei eksisterande anlegga. Dette vil kunne vere med på å senke konfliktpotensialet med desse brukarane.

3.10. Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Det vart teke vassprøvar for å sjekke vasskvaliteten med tanke på oppvekst og overleving av fisk. Målingane frå prøvane var pH = 6,19, alkalitet = 0,02 mmol/l, Tot-P < 0,003 mg/l og Ca = 760 µg/l.

Vasskvaliteten skulle vere uforandra i Grasbotntjørni sjølv om vatn vert førd over til Langvatnet. I anleggsfasen skal det lagast grøfter som kan føre mindre mengder lausmassar ut i vatnet, men vatnet er såpass langt at dette vil verke som eit sedimentasjonsbasseng for vatnet som går ned i Austdøla.

Det er ikkje kjend at det er hushald som hentar vatn frå sjølve elvestrengen i Austdøla. Men Ulvik herad hentar vatn frå avsetningane i Osa. Det same gjer også eit tapperi for drikkevatt i Osa, også dette basert på borehol i fluviale/glacifluviale massar. Overføring av Grasbotntjørni er berekna å medføra ei redusert vassføring nedst i Austdøla på omlag 8 %. Det er lite truleg at dette vil ha nokon innverknad på kvalitet og kapasitet for uttaket av vatn.

Elvevatnet frå Austdøla vil ikkje ha direkte innverknad på vatnet i lausmassene i Osa. Sjansen for forureining i elva i Osa i anleggsfasen er uansett liten, sidan omfanget av tiltaket er så lite og avstanden til tiltaket er lang. Tiltaket bør difor ikkje vere noko hinder mot å bruke denne vassforsyninga vidare, men det kan vere aktuelt å krevje ein viss måling i anleggstida for å dokumentere kvaliteten.

3.11. Friluftsliv og turisme

Fjellområdet er, trass dei eksisterande inngrepa, eit mykje brukt område i samband med ulike typar friluftsliv. Dette grunnar nok mykje i den lette tilkomsten anleggsvegen inn i området har gitt, inn i eit høgfjellsområde. Tal frå kommunen syner at det er 10-30 turistbussar som tek turistar opp på fjellet denne vegen. Dette er likevel lite i høve til personbiltrafikken som er på 1000-1400 i året. Den store variasjonen skuldast truleg at lengda på sesongen det er mogleg å køyre på vegen, vil variere mykje.

Turgåarar vil også nytte området og det er beskrive turar der ein kjem ned frå fjellet til Osa vinterstid. Men då vegen til vanleg ikkje vert opna før om lag mai/juni er nok vinterbruken mindre enn elles på året. Mange turgåarar vil nok heller køyre opp for å kunne gå vidare inn i eit litt lettare terreng, framfor å streve seg opp frå fjorden.

Isen på regulerte vatn er utrygg. Det nye inngrepet med pumping frå Grasbotntjørne til Langavatn vil derfor medføre auka risiko for ferdsle nær inntaket i Grasbotn, og ved utløp av pumperøyret i Langavatn. Begge område vil verta skilta og så langt råd er forsøkt gjort utilgjengeleg med avsperring i samsvar med gjeldande forskrift.

Nettopp på grunn av tiltaka og inngrepa som er der, må ein seie at verdien for friluftslivet er stor. Masse-turisme synest ikkje vere ein så viktig brukar av området, sjølv om skiljet mellom friluftsliv og turisme her vil vere umogleg å måle.

I samband med dette tiltaket blir det berre eit ein-sesongs anlegg, og verknaden vil difor vere kortvarig. I tillegg er tiltaksområdet rimeleg avskjerma frå området rundt, sjølv om støy frå anlegget alltid kan bere eit godt stykke på stille dagar. Sjølv om opplevinga for somme kan bli forstyrta av anleggsarbeid, har området så mange inngrep i dag at både friluftsfolk og turistar vil kunne forvente ei viss grad av anleggsverksemd knytt til drift og vedlikehald av anlegga.

Dei nye tiltaka vil ikkje ha nokon verknad for opplevinga av landskapet i framtida med alle strukturane som er der i dag.

3.12. Samiske interesser

Det er ikkje dokumentasjon om samiske interesser i det aktuelle området.

3.13. Samfunnsmessige verknader

Det er ei omfattande verdiskaping i området knytt til kraftproduksjon i området i dag. Konsesjonsvilkår, skattar og avgifter gjev jamleg inntekter til det offentlege, både lokalt og nasjonalt.

